

Møteprotokoll Ungdomsrådet

Møtedato: 27.05.2026
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 14:00 - 16:00

Frammøtte medlem	Parti
Davids Stals	RUT
Elvira Kolstad Hafredal	RUT
Joakim Remøy Pasquine	RUT
Lisa Angelica Gjertsen	RUT
Maliamungu Kaarebu	RUT
Sofie Gjervik	RUT
Syver Wågsholm	RUT
Yaalinee Karthikeyan	RUT

Frammøtte varamedlem	Parti
Christopher Hestås	RUT
Kian Singh	RUT
Ludwig Syska	RUT
Mariia Ivanovska	RUT
Selma Schytte	RUT

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Miriam Hunger	RUT	Mariia Ivanovska	RUT

Møteleiar: Sofie Gjervik
Protokollfører: Kristin Torine Amdam

Møtenotat

Tal røysteføre: 9

Desse varamedlemane møtte i tillegg: Selma Schytte, Christoper Hestås, Ludwig Syska og Kian Singh.

Varaordfører Jessica Gärtner og kommunestyremedlem Henriette Bryn møtte.

Frå administrasjonen møtte: Jens Arne Gjørsvik og Anne Marit Moe Aarø

Sakliste

Saksnummer:	Tittel
021/26	Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll
022/26	Høring råda - offentlig ettersyn av temaplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026 - 2038
023/26	Utkast til utfordringer og mål i trafiksikkerhetsplanen til rådene
024/26	Retningslinjer for prisar i Ålesund kommune - høyring
025/26	Nørvegata 1 C Høring
026/26	Referatsaker
027/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar

021/26 Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll

021/26 Ungdomsrådet 27.05.2026

Vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent. Møteprotokoll frå siste møte blir godkjent.

Møteleiar, Syver Waagsholm og Lisa Angelica Gjertsen blir valde til å godkjenne protokoll frå dette møtet.

Behandling:

Namneforslag fremma av Sofie Gjervik Råd/utval

Syver Waagsholm og Lisa Angelica Gjertsen

Votering:

Kommunedirektøren si innstilling og leiar sitt forslag samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren si innstilling:

Innkalling og sakliste blir godkjent. Møteprotokoll frå siste møte blir godkjent.

Møteleiar, blir valde til å godkjenne protokoll frå dette møtet.

022/26 Høring råda - offentlig ettersyn av temaplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026 - 2038

022/26 Ungdomsrådet 27.05.2026

Ålesund ungdomsråd sitt innspel til temaplanen:

For å utvikle seg vidare som kulturelt tyngdepunkt innen idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet bør ein:

- Gjere informasjon om alle tilboda som finns meir tilgjengeleg. Her kan innbyggertorga og skulane vere enda meir aktive. Meir og betre informasjon om korleis ein kan kome seg til aktivitetane.
- Betre kommunikasjon mellom skule, idrettslaga og utleigar for å kabalen om treningstider til å gå opp.
- Opne opp for meir samarbeid mellom private aktørar, kommunen, fylkeskommunen og staten
- Bruke dei anlegga som finns til fleire aktivitetar enn kva ein gjer i dag. Altså meir sambruk.

- I Ålesund sentrum og på Moa bør det kome fleire grøne og opne område til for mange forskjellige kulturarrangement
- Plassering av anlegg. Sørge for at ein kan kome seg lett til og frå anlegg med offentleg kommunikasjon. Det er uheldig når store idrettsanlegg er plassert slik at alle må bruke bil for å kome seg dit.
- Opne opp for fleire idrettar, og legge til rette for særinteressene.
- Betre samarbeid om å redde skuletilbod om toppidrett slik det er eit reelt val.

Ungdomsrådet meiner at ishall og svømmehall må prioriterast. Dessutan meiner vi at fleire festivalar vil gjere kommunen meir attraktiv.

Behandling:

Fellesforslag til uttale fremma av Sofie Gjervik Råd/utval

Ålesund ungdomsråd sitt innspel til temaplanen:

For å utvikle seg vidare som kulturelt tyngdepunkt innan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet bør ein:

- Gjere informasjon om alle tilboda som finns meir tilgjengeleg. Her kan innbyggertorga og skulane vere enda meir aktive. Meir og betre informasjon om korleis ein kan kome seg til aktivitetane.
- Betre kommunikasjon mellom skule, idrettslaga og utleigar for å kabalen om treningstider til å gå opp.
- Opne opp for meir samarbeid mellom private aktørar, kommunen, fylkeskommunen og staten
- Bruke dei anlegga som finns til fleire aktivitetar enn kva ein gjer i dag. Altså meir sambruk.
- I Ålesund sentrum og på Moa bør det kome fleire grøne og opne område til for mange forskjellige kulturarrangement
- Plassering av anlegg. Sørge for at ein kan kome seg lett til og frå anlegg med offentleg kommunikasjon. Det er uheldig når store idrettsanlegg er plassert slik at alle må bruke bil for å kome seg dit.
- Opne opp for fleire idrettar, og legge til rette for særinteressene.
- Betre samarbeid om å redde skuletilbod om toppidrett slik det er eit reelt val.

Ungdomsrådet meiner at ishall og svømmehall må prioriterast. Dessutan meiner vi at fleire festivalar vil gjere kommunen meir attraktiv.

Votering:

Fellesforslaget samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren sin innstilling:

Åpen innstilling.

023/26 Utkast til utfordringer og mål i trafikksikkerhetsplanen til rådene

023/26 Ungdomsrådet 27.05.2026

Ålesund ungdomsråd sitt innspel til trafikksikkerhetsplanen:

- Det må vere samanhengande sykkelnett. Det er svært uheldig at sykkelvegen/sykelstien stoppar opp for så å starte opp igjen 100 meter unna, og då gjerne på motsatt side av vegen.
- Det same gjeld for fortau. Ein må unngå mange kryssingar der fortaua ikkje heng saman.
- Det bør vere fleire lysreguleringar i kryss og overgangar
- På Moa er det svært mange overgangsfelt - Bør ein vurdere undergang i staden for å få betre flyt i trafikken?
- På Sjøholt er det 2 undergangsfelt i sentrum (E39). Om hausten og vinteren er den eine undergangen til tider stengt fordi det kjem inn mykje vatn. Dette fører til at mange tar snarvegen over svært trafikkert veg då det er altfor langt å gå til den andre undergangen.

Behandling:

Fellesforslag fremma av Sofie Gjervik Råd/utval

Ålesund ungdomsråd sitt innspel til trafikksikkerhetsplanen:

- Det må vere samanhengande sykkelnett. Det er svært uheldig at sykkelvegen/sykelstien stoppar opp for så å starte opp igjen 100 meter unna, og då gjerne på motsatt side av vegen.
- Det same gjeld for fortau. Ein må unngå mange kryssingar der fortaua ikkje heng saman.
- Det bør vere fleire lysreguleringar i kryss og overgangar
- På Moa er det svært mange overgangsfelt - Bør ein vurdere undergang i staden for å få betre flyt i trafikken?
- På Sjøholt er det 2 undergangsfelt i sentrum (E39). Om hausten og vinteren er den eine undergangen til tider stengt fordi det kjem inn mykje vatn. Dette fører til at mange tar snarvegen over svært trafikkert veg då det er altfor langt å gå til den andre undergangen.

Votering:

Fellesforslaget samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren si innstilling:

Det er nå et ønske om innspill fra rådene på fritt grunnlag, derfor er saken lagt frem uten innstilling.

024/26 Retningslinjer for prisar i Ålesund kommune - høyring

024/26 Ungdomsrådet 27.05.2026

Uttale frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet foreslår å gjeninnføre ungdommens kulturpris

Behandling:

Forslag fremma av Sofie Gjervik Råd/utval

Ungdomsrådet foreslår å gjeninnføre ungdommens kulturpris

Votering:

Forslaget vart samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren si innstilling:

Alternativ 1:

Ålesund kommunestyre vedtar å behalde praksisen dei siste tre åra med å dele ut ut ein årleg heiderspris for betydningsfull, samfunnsnyttig innsats for innbyggjarar i Ålesund kommune. Prisen er ei påskjønning for utført arbeid, og som kan vere ei oppmuntring til å halde fram det gode arbeidet. Prisbeløpet blir justert til kr 15 000, diplom og eit kunstverk til ein verdi av kr 5 000.

Alternativ 2:

Ålesund kommunestyre vedtar å gjeninnføre ei årleg utdeling av kommunens heiderspris og ungdommens kulturpris. Dei øvrige prisane blir delt ut kvart 4. år slik:

1. år - kultur- og idrettspris
2. år - miljøpris
3. år - kunstnarpris
4. år - byggeskikkpris

Retningslinjene for prisane frå 2021 blir oppdaterte i tråd med det alternativet som er valt, med slike korrigeringar:

- prisbeløpet blir justert til kr 15 000, diplom og eit kunstverk til ein verdi av kr 5 000
- nye utvalsnamn
- dei tre prisane blir delt ut ved kommunestyret sitt siste møte før jul.

Amassadørprisen blir delt ut berre ved særskilte høve, slik det går fram av retningslinjene.

Endringa blir å gjelde frå og med 2026.

025/26 Nørvegata 1 C Høring

025/26 Ungdomsrådet 27.05.2026

Uttale frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet foreslår at bygget vert seld.

Behandling:

Forslag til uttale fremma av Sofie Gjervik Råd/utval

Ungdomsrådet foreslår at bygget vert seld.

Votering:

Forslaget vart samrøystes vedtatt.

Innstilling:

Dette er en høringssak. Den legges frem uten innstilling.

026/26 Referatsaker

026/26 Ungdomsrådet 27.05.2026

Vedtak:

Refererte saker vert tatt til orientering.

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren si innstilling:

Refererte saker vert tatt til orientering.

027/26 Eventuelt - spørsmål - orienteringar

027/26 Ungdomsrådet 27.05.2026

Orienteringar i møtet

Jens Arne Gjørsvik orienterte om temaplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026-2038. Han gjennomførte også ein runde med "open space" dialog slik at medlemene i ungdomsrådet fekk uttale seg.

Anne Marit Moe Aarø orienterte om trafikksikkerhetsplan for Ålesund kommune.

Referatsak 008/26 - Søknad om støtte til merchandise for ungdomsrådet.

Ordfører har sagt ja til å støtte søknad om jakker. Joakim Remøy Pasquine og koordinator for ungdomsrådet samarbeider i det vidare arbeidet med leverandør og med kommunikasjonsavdelinga om design.

Ungdomsrådet sin leiar, Sofie Gjervik er også vald inn til UFR - Ungdomens fylkeseråd. Ho fortalde litt om det som skal skje framover. Blant anna skal UFR til tur Finland i sommar.